



## Rettleiing til skjemaet

Lærestaden må fylle ut skjemaet for alle elevar som tek vaksenopplæring. Lånekassen bruker opplysningane til å vurdere om søkjaren har rett til støtte, og kor mykje støtte søkjaren kan få. Opplysningane er også relevante for om søkjaren har rett til omgjering av lån til stipend ved bestått utdanning.

### Slik fyller de ut og sender inn skjemaet

- De bør fylle ut skjemaet i samarbeid med faglæraren.
- Skjemaet sender de som vedlegg til vanleg søknad om stipend og lån.
- Last opp skjemaet via arbeidsflata eller send det til Lånekassen per post.

### NB! Hugs å melde frå om endringar i utdanninga

Endringar i utdanninga kan få konsekvensar for om søkjaren har rett til støtte og omgjering. De må derfor snarast melde frå til Lånekassen, dersom det oppstår endringar i høve til dei opplysningane de har oppgitt i skjemaet. Send inn nytt skjema dersom søkjaren

- endrar start- og sluttdato
- trekkjer seg frå fag
- melder seg på nye/fleire fag
- får fag godkjende som realkompetanse
- får fritak for fag

## Punkt 2: Søkjaren si utdanning

### 2.3 Før opp søkjaren sin sluttkompetanse

Den ønskete sluttkompetansen vil seie det endelege målet søkjaren har for utdanninga (til dømes Sal, service og sikkerheit Vg2 eller Helsearbeidarfag Vg2). De skal ikkje føre opp delkompetanse som søkjaren skal oppnå undervegs.

### 2.4 Før opp start- og sluttdato for heile utdanninga

De må føre opp start- og sluttdato for **heile** utdanninga. **Startdato** er den faktiske datoen utdanninga tek til. **Sluttdato** er datoen undervisninga (inkludert eksamen) sluttar. NB! Den start- og sluttdatoen som de fører opp, skal dekkje perioden faga i punkt 3 blir tekne.

## Punkt 3: Søkjaren sine fag

### 3.1 Fag

- I tabellen skal de føre opp namn på alle faga som søkjaren får **standpunktkarakter** i eller skal ta **eksamen** i. De skal berre føre opp dei faga søkjaren tek i perioden oppgitt i punkt 2.4.
- De skal **ikkje** føre opp fag som søkjaren har fått godkjent som **realkompetanse**.
- De skal **ikkje** føre opp fag som søkjaren har fått **fritak** for.
- For **praksiskandidatar** skal de føre opp alle fag som søkjaren følger **undervisning** i.

### 3.5 Årstimar

NB! Før opp kor mange årstimar (AT) kvart fag har i læreplanen etter Kunnskapsløftet, det vil seie klokketimar, ikkje 45 minuttstimar.

## Punkt 4: Skolepengar

Før opp eventuelle skolepengar som søkjaren må betale og som ikkje blir dekte av andre. Beløpet må omfatte heile utdanninga. Døme: Dersom søkjaren startar utdanninga i august og avsluttar i desember året etter, skal du føre opp beløpet søkjaren må betale for heile denne perioden.